

# SV vil måle det grønne skiftet raudt

Fram til 2030 skal vi redusere klimautsleppa med 60 %. Dette vil kreve ei enorm omstilling; for samfunnet, for arbeidslivet, for folk flest. På 10 år skal vi bøte på skadane vi i dei rike landa har påført naturen ved at vi har levd over evne i altfor mange år. Dette kan vi få til!

Oljen må fasast ut, ikkje grønmålast. Vi må reise smartare, redusere forbruket og bruke om att ressursane. Vi må bruke kunnskapen som er utvikla i oljebransjen til å skape framtidens arbeidsplassar. Frå å vere ein eksportør av råvarer og viktige kompetansebedrifter, må vi bruke naturressursar og kunnskap til å styrke eksisterande næringar og utvikle nye. I Møre og Romsdal er potensialet stort, ma innan landbruk, fiske/ havbruk, maritime næringar, prosessindustri og grøn strøm frå vannkraft.

Det hastar å kome i gang med ein grøn ny deal. Men- slik vi i Møre og Romsdal SV ser det, når vi ikkje målet utan at vi supplerer grønfargen med ein raudfarge. Klimatiltak kan, dersom vi ikkje har med fordelingsperspektivet, auke forskjellane mellom folk; mellom dei som kan «kjøpe seg fri» og dei som ikkje har råd til elbil eller auka miljøavgifter. Dei kan også ramme ulikt, avhengig av om ein bur i ein storby eller ute i distrikts-Noreg.

Eit tiltak som isolert sett kan redusere utslepp, kan også i neste omgang verke mot si hensikt. Eitt døme er mindre bruk av raudt kjøt som kan få ned metanutslepp, men samstundes redusere jorda si evne til å binde CO2 og evna til å produsere mat på norske ressursar. Eit anna er vindkraft som kan erstatte fossil energi med fornybar, men som også kan redusere artsmangfald og tradisjonelle næringar. Eit tredje kan vere å oppgrader eksisterande anlegg, og auke effekten av desse.

I iveren etter å gjennomføre Klimakur 2020 er det lett å misse heilskapen av syne. Difor treng vi dyktige, modige, handlekraftige politikarar som evnar å tenkje både grønt og raudt, både klima og fordeling, både sentrum og distrikt. Vi treng politikarar som kan og vil styre. Vi treng eit sterkt SV, og vi treng ei ny regjering!